
Saksnr: 2019/11-70
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2021

Utpeiking av kandidat til valkomiteen i THEigedom IKS (Trivselshagen IKS)

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidat til vervet som medlem av valkomiteen i THEigedom IKS:

Medlem:

Samandrag

Fylkesrådmannen legg her fram sak om utpeiking av kandidat til valkomiteen i TH Eigedom IKS (tidlegare Trivselshagen IKS).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune vedtok i desember 2020 ein revidert selskapsavtale for THEigedom IKS. Selskapet heitte tidlegare Trivselshagen IKS.

Det er fastsett i den reviderte selskapsavtalen at selskapet skal ha ein valkomité som består av to medlemmer. Komiteen vert vald for to år om gongen.

Fylkesutvalet må no peike ut éin kandidat til valkomiteen. Gloppen kommune peikar ut den andre kandidaten.

Det formelle valet skjer i representantskapsmøtet 10. mai. Fylkeskommunen sine medlemmer i representantskapet er Jenny Følling og Noralv Distad.

Valkomiteen vil ha ansvar for å gje representantskapet ei skriftleg og grunngjeven innstilling til val av styremedlemer. Valkomiteen skal normalt også munnleg gjere greie for si innstilling i møte i representantskapet, der val av styremedlemmer skal skje.

Fylkesrådmannen har fått opplyst at styret i selskapet kjem til å førebu ei sak for møtet i representantskapet 10. mai som gjeld instruks for arbeidet til valkomiteen.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til valnemnder i selskap, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5. andre avsnitt.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.